



Fagplan bibliotek

2017-2020



BIBLIOTEKET



Innheld

1 Innleiing.....	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Føringer	4
1.3 Mål for planen	5
1.4 Avgrensing	5
2. Status i dag.....	5
2.1 Den nasjonale biblioteksektoren.....	5
2.2 Folkebiblioteka	6
2.3 Fylkesbiblioteket.....	6
3. Satsingsområda i planperioden.....	7
3.1 Kunnskap og læring	7
3.2 Litteratur og formidling	8
3.3 Møteplass og debattarena	8
3.4 Organisering og kompetanse	9
Vedlegg 1: Nasjonal folkebibliotekstatistikk	10
Generell statistikk fra 2016, kommunenivå	11
Prosjekt- og utviklingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket 2011 – 2017	0
Tildelte arenamidlar 2015-2017 frå Nasjonalbiblioteket	0
Arrangementstøtte 2016 frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunenivå	1
Statistikk for besøkstal, målt mot landsgjennomsnitt (2007-2016).....	1
Statistikk for utlån, målt mot landsgjennomsnitt (2006-2016).....	3
Statistikk for bokbestand, målt mot landsgjennomsnitt (2007-2016)	4
Statistikk for medie- og lønnsutgifter, målt mot landsgjennomsnitt (2012-2016)	5
Statistikk for årsverk, målt mot landsgjennomsnitt (2008-2016)	6
Vedlegg 2: SWOT-analyse, Folkebiblioteka i Møre og Romsdal.....	7
Vedlegg 3: Litteratur.....	8
Vedlegg 4: Organisering av planarbeidet	9

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Faktaboks: Folkebiblioteka er det kulturtilbodet folk i Noreg nyttar seg mest av. I 2016 auka besøket for fjerde år på rad, og med 24 millionar besøk har det aldri vore målt ei høgare tilstrøyming til biblioteka.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket

Eit bibliotek er ikkje lenger berre ei boksamling. I dag dekker biblioteket ei rekke sentrale behov i lokalsamfunnet. Den nye føremålsparagrafen i Lov om folkebibliotek (Folkebibliotekloven, 1985) har gitt biblioteka eit sterkare samfunnsoppdrag og rolle som aktiv formidlar. Dei skal være ein møteplass og ein arena for offentleg samtale og debatt. Biblioteka skal også ta vare på det kulturelle mangfaldet, styrke demokratiet, fremje inkludering og verne om ytringsfridomen og livskvaliteten til den enkelte. Biblioteka er med andre ord viktige samfunnsinstitusjonar, og forventingane til kva dei skal levere er aukande. Korleis rustar ein biblioteka til å møte alle desse oppgåvane?

I følgje biblioteklova er det Fylkeskommunen sitt ansvar å utvikle biblioteka i regionen. Det gjerast mellom anna gjennom å:

- gi strategisk retning for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal
- etablere partnarskap og bringe saman ulike aktørar
- samordne og koordinere offentleg innsats og virkemiddelbruk

Denne fagplanen er eit viktig ledd i utviklingsarbeidet. Den skal sette søkerlys på utfordringar innan struktur og organisering, kompetanse, innhald og tenester, og identifisere satsingsområde i planperioden. Planen vil vere eit verktøy for fylkesbiblioteket, og retningsgivande for folkebiblioteka. Det er viktig å merke seg at denne planen kun inneheld overordna mål. Konkrete tiltak, altså korleis ein vil oppnå desse måla, er å finne i dei rullerande Handlingsprogram kultur.

Fagplanen er forankra i Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020.

Her skal det inn ein ill. av planheirarkiet, som finst i RPS side 5.

Sitat: *For hver skattekrona som brukes til folkebibliotekene på landsbasis, får innbyggerne det firdobbelte igjen.*

Professor Svanhild Aabø, Høgskolen i Oslo

1.2 Føringar

Sentrale nasjonale føringar for denne fagplanen er:

- *Lov om folkebibliotek* (Folkebibliotekloven, 1985)
- *Nasjonal bibliotekstrategi 2015–2018* (Kulturdepartementet, 2015)
- *Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4)*
- *Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet (Meld. St. 27 (2015-2016))*.

Desse definerer store forventningar til folkebiblioteka framover. Her blir det lagt vekt på at folkebiblioteka skal vere ein læringsarena, noko som stiller krav til mellom anna god infrastruktur,

fellesløysingar, og prosjekt- og utviklingsmidlar. For at biblioteka skal styrke og vidareutvikle funksjonen og tenestetilbodet sitt, må dei ha ein klar strategi for utvikling.

Regionale føringer for fagplanen finn ein i Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2016). Denne seier:

Biblioteka skal vere ein formidlar av kunnskap og kultur, ein stad for oppleving og inkludering, ein offentleg debattarena og ein møteplass. Det moderne biblioteket skal vere ein digital ressurs og ein læringsstad. Forpliktande samarbeid mellom kommunar og fylkeskommune vil vere viktig for å kunne innfri samfunnsoppdraget. (kapittel 5 s. 13)

Kommunereforma vil påverke bibliotekstrukturen i fylket. Korleis og i kor stor grad er førebels ikkje klart. Det som uansett er viktig, er at biblioteka sjølv er med i denne reformprosessen.

1.3 Mål for planen

- bidra til likeverdige, allsidige og oppdaterte bibliotektenester for alle som bur eller oppheld seg i fylket
- skape meir tilgjengelege og synlege bibliotek som er aktive formidlarar av kunnskap og kultur
- bidra til at biblioteka skal legge til rette for demokratisk deltaking, i eit samfunn prega av endra og auka krav til kompetanse og kunnskap
- bidra til betre utnytting av dei samla bibliotekressursane og arbeide for at meir av dei nasjonale utviklingsmidlane kjem fylket til del

1.4 Avgrensing

Fagplanen famnar fylkesbiblioteket og folkebiblioteka. Skulebiblioteka i grunnskule, vidaregåande skule og høgskulane er ikkje omfatta av fagplanen.

Kunnskapsgrunnlaget til fagplanen følger som vedlegg.

2. Status i dag

2.1 Den nasjonale biblioteksektoren

Nasjonalbiblioteket er staten sitt utviklingsorgan for bibliotek, i tillegg til at dei har ansvar for innsamling, bevaring og tilgjengeleggjering av publisert innhald innanfor alle typar medium.

Nasjonalbiblioteket lyser bl.a. ut arena- og utviklingsmidlar som fylkes- og folkebiblioteka kan søke på. Dette er ei svært viktig kjelde for finansiering av nye prosjekt.

Sitat: *Med meir enn 1,1 millionar deltagarar på arrangementa nærmar biblioteka seg publikumstala til Tippeligaen.*

Aslak Sira Myre, direktør for Nasjonalbiblioteket

2.2 Folkebiblioteka

Bibliotekloven §1: *Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem* (Folkebibliotekloven, 1985).

I Møre og Romsdal er det 36 bibliotek, og fleire av desse har tilhøyrande filalar. Biblioteka i fylket er svært ulike, med store variasjonar i økonomi, personale, kompetanse og lokale. Dei tilbyr derfor ulike opplevingar til sitt publikum. Nokre har eit breitt utval litteratur, kunnskap og opplevingar som dei marknadsfører godt. Andre har færre tilbod til brukarane (Nasjonalbiblioteket, udatert). Sentralt i planarbeidet er spørsmålet om korleis ein kan jamne ut desse skilnadane, og nytte dei samla bibliotekressursane i fylket på best mogleg måte. Det er behov for ei meir heilskapleg utvikling, betre samordning og betre ressursutnytting i biblioteka.

Litteratur- og kunnskapsformidling er dei berande elementa i biblioteka i fylket. Samtidig blir andre kulturelle utrykk og opplevingar ein stadig viktigare del av biblioteka si verksemd. Mange bibliotektilsette etterlyser meir kompetanse som arrangørar og formidlarar, for å kunne bli enda betre kulturarenaer og målberarar av dei grunnleggande fellesverdiane.

Fleire spanande prosjekt dei siste åra syner vilje til samarbeid og nyskaping som kan gjere biblioteka i fylket enda meir aktuelle for brukarane. Eit døme på dette er prosjektet «Bysmart»¹, som har turnert i dei tre største byane i fylket med godt besøkte foredrag om by- og samfunnsutvikling. Andre døme er «Snakkbart»², «Påfyll»³, «Bittelitteraturhuset»⁴, «SamLes LITT»⁵ og «Biblioteket i farta»⁶.

Møre og Romsdal er det fylket i landet som har lågast besøk i folkebiblioteka. Slik har situasjonen vore dei siste fem åra. Vi er også blant dei fylka som kjem svakast ut på statistikk over utlån og årsverk per innbyggjar (Nasjonalbiblioteket, udatert). Det er viktig å leite etter årsakene til dette, og finne tiltak som kan gjere biblioteka i fylket meir attraktive for brukarane.

2.3 Fylkesbiblioteket

Fylkesbiblioteket er ein seksjon av kulturavdelinga i fylkeskommunen, og bygger si verksemd på Lov om folkebibliotek. Det er lokalisert i Ålesund med ein stab på 9 personar.

Om fylkesbiblioteka seier Bibliotekloven (§6): *Fylkeskommunen skal ivareta regionale bibliotekoppgaver og regional bibliotekutvikling, herunder gi råd til lokale myndigheter, yte bibliotekfaglig veiledning og assistanse, og arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål* (Folkebibliotekloven, 1985).

¹ <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Regional-og-naeringsutvikling/Samfunnsutvikling/Byen-som-regional-motor/Bysmart>

² <http://www.mrbiblioteket.no/vestnes/Vestnes-folkebibliotek/Om-biblioteket/Aktuelt/SNAKBART-2017>

³ <http://www.kristiansund.folkebibl.no/Kristiansund-bibliotek/Om-biblioteket/Aktuelt/Paafyll>

⁴ <http://mrbiblioteket.no/tingvoll/Tingvoll-bibliotek/Om-biblioteket/Bittelitteraturhuset>

⁵ <http://www.bjornonfestivalen.no/nyheter/hans-olav-lahlum-p-romsdalsturn-i-mars>

⁶ <https://bibliotekutvikling.no/prosjekter/biblioteket-i-farta/>

Fylkesbiblioteket skal halde seg relevant og ha ei sentral rolle gjennom å:

- vere eit ressurs- og kompetancesenter for folkebiblioteka
- vere ein strategisk planleggar i samspel med stat og kommune
- fremje Møre og Romsdal sine interesser i det nasjonale biblioteknettverket
- vere ein koordinator og nettverksbyggar mellom biblioteka, og fremje samarbeid mellom biblioteka og andre aktørar
- samordne økonomiske verkemidlar
- legge til rette for utvikling av fellesløysingar

3. Satsingsområda i planperioden

Slagord: Ei verd av draum og fakta.

For å nå målet om likeverdige bibliotektilbod for alle i Møre og Romsdal må det eit løft til. Biblioteka må utvikle seg i tråd med forventingar og behov i samfunnet. Dei fire satsingsområda under er utarbeida etter ei vurdering av dagens tenester, samanlikna med krava i loven og ei ønska regional samfunnsutvikling.

I planperioden skal det satsast på:

- 3.1 Kunnskap og læring
- 3.2 Litteratur og formidling
- 3.3 Møteplass og debattarena
- 3.4 Organisering og kompetanse

3.1 Kunnskap og læring

Tekstboks: Regjeringen vil (...) legge til rette for at folkebibliotekene får en sentral rolle i arbeidet med å gi befolkningen et bedre veiledningstilbod i grunnleggende digital kompetanse.

(Meld. St. 27 (2015-2016), s.122)

Folkeopplysningstanken står sentralt i biblioteka sitt verdigrunnlag. Kunnskap og læring skal vere fritt tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosiale, digitale, økonomiske eller geografiske skilnader.~~-Livslang~~ Læring har stor verdi for mange, og ikkje berre i form av formell utdanning for yrkeskompetanse. Det handlar også om livskvalitet. Uformell læring i sosiale settingar gir høve til engasjement, sjølvutvikling, læring og sosialt fellesskap i ei tid der einsem vert stadig meir utbreidd. Aktivitetar som kurs i slektsgransking, språkkaféar, handverkskurs og liknande skal vere opne for alle.

I det moderne kompetanse- og kunnskapssamfunnet er tilgang på relevant informasjon, og evne til å finne denne informasjonen, ein føresetnad for aktiv deltaking i samfunnslivet. Biblioteka må vere vegvisarar i denne informasjonsjungelen og tilby rettleiing og kompetanse om søkemetodikk og kjeldekritikk.

Interessa for lokalhistorie er svært stor, og biblioteka kan vere knutepunkt for formidling og deling av historia i kommunen. Lokalhistorie og arkiv er eit godt verktøy for å byggje kunnskap og lokal identitet. Biblioteka kan rettleie i bruken av kjeldemateriale både på papir og nett.

Prioriteringar:

- Legge til rette for livslang læring i biblioteka
- Fremje digital kompetanse og minske informasjonskløfta
- Fremje interesse for og kunnskap om lokalhistoria

3.2 Litteratur og formidling

Folkebiblioteka er landets største og viktigaste formidlar av skjønnlitteratur og lesing, både for barn og vaksne. Dette gjeld også tilrettelagte tilbod til ulike brukargrupper som framandspråklege, personar med lese- og skrivevanskar og demente. Språkkaféar og leseombod er døme på slike tilbod (Kulturdepartementet, 2015).

Leseevna er grunnleggjande for all læring og deltaking i demokratiet. Grunnlaget for gode studievanar vert lagt i grunnskolealder. Biblioteka legg til rette for dette, og held fram som støtte og ressurs for elevar og studentar gjennom heile utdanningsløpet.

Det finst ulike formidlingstiltak rundt om i biblioteka i dag, både for barn og vaksne. Likevel er det eit utviklingspotensiale på dette området. Det er behov for meir kompetanse på formidling for ulike brukargrupper, slik at ein kan få meir aktivitet og fleire formidlingsarrangement i biblioteka. Ein kan og sjå eit større behov for «kvardagsformidling», ved hjelp av utstillingar, sosiale media og andre plattformar som kan opne for meir brukarmedverknad. Dette gjeld særleg der det er meiropne bibliotek, kor ein kanskje ikkje har den same kontakta med alle brukarane.

Prioriteringar:

- Styrke biblioteka sitt arbeid med å fremje skrive- og leselyst, spesielt hos barn og unge
- Heve kompetansen innan arrangørverksemrd, formidling og samlingsutvikling
- Legge til rette for kreativitet, nytenking og utvikling av framtidsretta formidlingsmetodar.

3.3 Møteplass og debattarena

Biblioteket er ein av svært få arenaer i fylket der kulturopplevingar er gratis tilgjengeleg for alle. Lokalsamfunn treng ein open møteplass der folk kan oppleve og ta del i ulike arrangement utan kommersielt press. I biblioteka skal ingen stå i fare for å bli ekskludert som følgje av sosial status. Dei skal være ein sosial arena, og fungere som pusterom i kvardagen – ein tredje stad mellom heim, skole og arbeid.

I dag har mange folkebibliotek i landet tilbod om praktiske verkstader og kurs, som kan omfatte alt frå bygging av musikkinstrument til strikking og 3D-printing. Samlingane kan inkludere brettspel, spelkonsollar, Lego, lyttestasjonar for musikk og ei rekke andre tilbod som ikkje krev rettleiing frå personalet, men som likevel er stimulerande og sosialt.

Biblioteka er difor ein naturleg demokratiseringsarena, og bør vere på stadig utkikk etter lokale moglegheiter for samarbeid. Ulike kommunale råd kan vere aktuelle samarbeidspartnerar. Saman med desse, og frivillige lag og organisasjonar, kan biblioteka tilby eit breitt spekter av sosiale arrangement. Slike samarbeid kan også frigjere tid til å arbeide med eit godt utval tilbod til brukarane.

Bibliotekloka bør vere ein innbydande stad å opphalde seg for brukarar i forskjellige livsfasar. Det er viktig at lokala er sentralt plassert i lokalsamfunnet, og at dei er fleksible nok til å ha ulike typar arrangement. Det må leggast vekt på universell utforming, både fysisk og digitalt (til dømes på biblioteka sine nettsider). Gode bibliotekenester må sikrast gjennom realisering av nødvendige nybygg og ombyggingar. Brukarvennlege opningstider er viktig for å stimulere til meir besøk. Meirope bibliotek vil gje auka tilgjengeleghet utanfor biblioteka sine betente opningstider.

Samlingane må vere oppdaterte, aktuelle og attraktive for innbyggjarane, og biblioteka bør ha ein interaktiv nettstad.

Prioriteringar:

- Auke talet på arrangement og besøk i biblioteka
- Byggje opp biblioteka som arena for deltaking, inkludering og demokrati
- Arbeide for auka synleggjering av biblioteket sine tilbod
- Vere pådrivar for at biblioteka utviklar nye tilbod og samarbeid i dialog med brukarane, og gjere dei til ein attraktiv samarbeidspartner for FOU-miljø, lag og organisasjonar

3.4 Organisering og kompetanse

Biblioteka må ha eit kritisk blikk på eigen verksemد for å sikre mest mogleg effektiv drift og robuste einingar. Riktig organisering, felles ressursutnytting og ei vidareutvikling av biblioteknettverka vil vere viktig for å utvikle biblioteka i trå med biblioteklova.

Eit heilskapleg blikk på utviklinga av bibliotekenestene, må ta høgde for brukarane sine behov og opplevingar. Tverrfaglig samarbeid om utviklingsprosjekt vil bidra til eit økonomisk handlingsrom for strategisk utvikling.

Fagkompetanse er heilt avgjerande for å tilby gode bibliotekenester. Nokre bibliotek, særleg dei minste, opplever at det er utfordrande å rekruttere bibliotekfagleg kompetanse. Det er særleg viktig at biblioteka har god kompetanse innan leiing, utvikling og prosjektarbeid. Dette vil ha innverknader på tilstrøyminga av nasjonale midlar. Biblioteka må også ha god kompetanse på samlingsutvikling. Biblioteka sin informasjonskompetanse må og vere oppdatert for å ivareta rolla som rettleiarar i den digitale informasjonsjungelen.

Det er svært viktig å prioritere nytenking og utviklingstiltak. Her bør ein gjere seg meir nytte av høvet til å søke prosjektmidlar, mellom anna frå Nasjonalbiblioteket.

Med mange små einingar i fylket er det nødvendig med utstrakt samarbeid over kommunegrensene for å kunne tilby likeverdige bibliotekenester i alle kommunar. God gjensidig informasjonsflyt mellom folkebiblioteka og fylkesbiblioteket er avgjerande.

Prioriteringar:

- Legge til rette for kompetansehevande kurs, samlingar og nettverksmøte
- Etablere tverrfaglege samarbeid, gjerne på tvers av kommunegrenser
- Medverke til gode løysingar for biblioteka i kommunesamanslåingsprosessane
- Arbeide for rekruttering av bibliotekfagleg kompetanse til fylket
- Auke kompetansen på søkerads- og prosjektarbeid

Vedlegg 1: Nasjonal folkebibliotekstatistikk

Kultur- og kyrkjedepartementet har fastsett forskrift om bibliotekstatistikk med heimel i § 3 i Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 (jf. §§ 6 og 10). Det vert henta inn statistikk for folkebibliotek, skulebibliotek, mobil bibliotek- teneste, pasientbibliotek og fengselsbibliotek.

Statistikken vert rapportert elektronisk.

I 2015 la Kulturdepartementet fram dokumentet Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018. Som ein følgje av denne er folkebibliotekstatistikken for 2016 revidert og utvida. Det vert no lagt større vekt på å rapportere omfanget av arrangement.

Generell statistikk fra 2016, kommunenivå

Kommune	Folketal	Årsverk	Fagutdanna bibliotekarar	Besøk, totalt	Utlån fysiske media, totalt	Utlån av e- bøker, totalt	Total bestand, bøker og andre media	Alle typar arrangement, totalt*	Betent opningstid, hovud- bibliotek, timar per døgn**	Betent opningstid, filial, timar per døgn
Ålesund	47 199	12,8	10	119 134	145 873	8 642	211 754	256	47	39
Molde	26 822	7,65	5	105 360	96 406	4 538	86 359	170	42	-
Kristiansund	24 442	7,3	6	83 664	76 454	4 407	70 961	69	39	-
Ørsta	10 744	2,1	2	39 167	38 825	986	43 159	32	32	-
Fræna	9 741	1,9	1	24 920	23 732	1 029	35 028	130	35	-
Haram	9 312	2,35	1	36 815	46 231	1 214	52 728	20	24	28
Volda	9 102	3,1	3	41 500	32 749	1 693	25 034	68	28	-
Herøy	8 957	2,8	2	38 806	28 485	1 220	42 769	76	26	-
Sula	9 007	2,35	1	28 400	38 246	1 053	39 787	66	35	12
Ulstein	8 457	2	1	16 000	28 034	1 427	35 672	14	23	-
Giske	8 176	2	1	9 464	16 098	998	33 209	30	27	-
Sykylven	7 695	2	1	19 900	26 367	1 022	35 975	20	32	-
Rauma	7 503	0,6	0	23 912	36 803	592	44 813	32	23	-
Sunndal	7 126	4,2	1	33 059	23 590	893	42 674	23	40	-
Vestnes	6 577	1,7	0	25 804	30 734	535	28 329	26	26	-
Surnadal	5 986	2,1	0	21 708	25 328	280	24 750	42	29	2
Averøy	5 856	1,24	1	8 027	17 172	918	25 574	21	22	-
Hareid	5 185	1,56	1	15 385	26 099	736	31 259	58	32	-

Kommune	Folketal	Årsverk	Fagutdanna bibliotekarar	Besøk, totalt	Utlån fysiske media, totalt	Utlån av e- bøker, totalt	Total bestand, bøker og andre media	Alle typar arrangement, totalt*	Betent opningstid, hovud- bibliotek, timar per døgn**	Betent opningstid, filial, timar per døgn
Skodje	4 667	1	1	12 500	17 593	566	25 626	67	26	-
Stranda	4 623	1,29	0	11 107	11 503	330	32 518	14	31	7,5
Aure	3 590	1	0	7 959	11 525	290	38 722	13	30	30
Aukra	3 547	1,76	1	11 420	8 601	457	18 175	25	29,5	-
Eide	3 454	0,55	1	2 600	7 678	117	15 428	0	12	-
Vanylven	3 203	1,1	0	3 487	8 230	123	26 303	0	20	5
Tingvoll	3 109	1,72	1	14 768	12 256	573	43 184	103	41,25	6
Nesset	2 963	1,7	1	4 276	9 027	200	26 298	25	24	-
Gjemnes	2 611	0,7	1	3 844	8 195	67	15 384	19	17	-
Sande	2 540	1	1	2 763	7 606	70	19 883	2	30	-
Ørskog	2 296	0,5	1	2 239	4 881	212	16 942	2	13	-
Smøla	2 160	1,1	0	5 000	5 266	253	28 252	32	10	37
Midsund	2 085	0,3	0	3 217	3 844	327	10 890	7	9	-
Rindal	2 026	0,85	1	7 812	8 997	180	17 044	123	43	-
Norddal	1 663	1,36	0	5 666	10 616	199	32 295	43	24	10,5
Halsa	1 599	0,45	1	2 739	7 228	21	20 479	5	10,5	-
Sandøy	1 246	0,8	1	6 000	8 646	156	23 396	10	18	-
Stordal	1 005	0,54	0	4 212	6 675	66	25 627	8	16	-
TOTAL	266 274	125	48	802 634	915 593	34 258	1 346 280	1 651	966,25	177

*Biblioteka har tolka ulikt kva dei skal melde inn som arrangement. Dette kan vere ei kjelde til feilrapportering.

**Per i dag er det 1 meirope bibliotek i fylket. Dette er ikkje teke med i oversikten.

Prosjekt- og utviklingsmidler frå Nasjonalbiblioteket 2011 – 2017

Tildelt til prosjekt i Møre og Romsdal.

År	Søknadar og tildeling Møre og Romsdal	Total tildeling frå NB
2011	0	Ca. kr. 7 600 000
2012	0	Ca . kr. 13 700 000
2013	2 = kr 300 000	Ca. kr. 21 500 000
2014	1 = kr 60 000	Ca. kr. 26 000 000
2015	3 = kr. 225 000	Ca. kr. 26 000 000
2016	1 = kr 44 000	Ca. kr. 20 000 000

Tidelte arenamidlar 2015-2017 frå Nasjonalbiblioteket

(i 1000 kroner)


Fylke	Tildeling 2015-16	Tildeling 2017	Totalt	Tildelt i kroner pr. innb
Finnmark	660	485	1145	15,1
Sogn og Fjordane	830	675	1505	13,8
Nord Trøndelag	901	490	1391	10,3
Sør Trøndelag	1530	1640	3170	10,2
Aust Agder	580	580	1160	10,1
Vest Agder	840	980	1820	10,1
Telemark	880	775	1655	9,6
Troms	960	500	1460	9
Nordland	1019	1105	2124	8,8
Oppland	1090	530	1620	8,6
Hedmark	1060	600	1660	8,5
Buskerud	1610	640	2250	8,2
Hordaland	2275	1750	4025	7,9
Vestfold	1160	740	1900	7,8
Rogaland	1095	2345	3440	7,4
Oslo	2000	2200	4400	6,8
Østfold	1095	780	1875	6,5
Møre og Romsdal	1000	500	1500	5,7
Akershus	2275	860	3135	5,4
Noreg	24750	18000	42750	8,3

Arrangementstøtte 2016 frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunenivå

Kommune	Arrangement	Mottatt
Aukra folkebibliotek	1	15 000
Averøy folkebibliotek	1	13 600
Fræna folkebibliotek	1	11 934
Giske folkebibliotek	1	6 500
Haram folkebibliotek	1	13 000
Hareid folkebibliotek	1	5 000
Hareid folkebibliotek, Herøy folkebibliotek, Sande bibliotek og Ulstein bibliotek (fellessøknad)	4	9 000
Herøy folkebibliotek	1	13 900
Kristiansund bibliotek	1	15 000
Molde bibliotek	2	30 000
Skodje bibliotek	1	4 500
Sula bibliotek	1	15 000
Tingvoll bibliotek	1	6 000
Vestnes folkebibliotek	1	15 000
Ørsta folkebibliotek	1	10 750
Ålesund bibliotek	1	9 396


Statistikk for besøkstal, målt mot landsgjennomsnitt (2007-2016)

Figur 1



Figur 1 viser utviklinga i besøk av folkebiblioteka i fylket og på landsbasis, i perioden frå 2007 til 2016. I 2007 var det i alt 829 218 besøkande på biblioteka i fylket medan det var 22 301 589 besøkande på landsbasis. Figuren viser årleg besøk i prosent av besøkande i 2007. Talgrunnlaget er henta frå KOSTRA.


Figur 2



Norsk kulturbarometer sine data bygger på telefonintervju. Til undersøkinga trekkast det eit landsrepresentativt utval på frå 2600 til 2800 personer i alderen 9-79 år. Etter fråfall blir nettoutvalet på i underkant av 2000 personer. I dei siste undersøkingane er utdanning og fødeland kopla til frå utdanningsregisteret og folkeregisteret.


Som ein kan sjå ut i frå **Figur 2** er det færre menn enn kvinner som har besøkt folkebiblioteka i løpet av det siste året, samstundes som andelen som har besøkt folkebiblioteka det siste året blir stadig lågare både blant kvinner og menn.

Figur 3



Figur 3 bygger på same talmaterialet som Figur 2. Den viser at det er flest blant dei yngste i utvalet som har besøkt folkebiblioteka i løpet av det siste året, og det er også dei som besøker folkebiblioteka hyppigast.


Figur 4



Figur 4 viser at det er store skilnader i besøk av folkebiblioteka avhengig av kva som er høgaste fullførte utdanning hos respondentane. Av dei med universitet- og høgskoleutdanning, både kort og lang, har litt over halvparten besøkt folkebiblioteka siste år, medan berre litt over ein tredjedel av dei med grunnskule eller vidaregåande skule svarar det same. På same måte ser ein at dei med høgare utdanning også svarar at dei besøker folkebiblioteka oftare enn dei med lågare utdanning.

Statistikk for utlån, målt mot landsgjennomsnitt (2006-2016)


Figur 5



Figur 5 viser utviklinga i totalt bokutlån i fylket og på landsbasis, i perioden frå 2007 til 2016. I 2007 var totalt bokutlån frå folkebiblioteka i fylket 798 495 medan det var 17 021 265 på landsbasis. Figuren viser totalt bokutlån årleg i prosent av totalt bokutlån i 2007.

Talgrunnlaget er henta frå KOSTRA.


Figur 6



Figur 6 viser det årlege totale bokutlånet i Møre og Romsdal i prosent av det årlege totale bokutlånet i landet. Som ein kan sjå ut i frå figuren har Møre og Romsdals andel av det totale utlånet i landet gått ned dei seinare åra. I 2016 auka det, men det skuldast ei omlegging i rapporteringa frå folkebiblioteka til Nasjonalbiblioteket. Det betyr at 2016 ikkje er samanliknbart med tidligare år. Talgrunnlaget er henta frå KOSTRA.

Statistikk for bokbestand, målt mot landsgjennomsnitt (2007-2016)


Figur 7



Figur 7 viser utviklinga i bokbestanden i fylket og på landsbasis, i perioden frå 2007 til 2016. I 2007 var bokbestanden ved folkebiblioteka i fylket på 1 357 376 medan den var 19 815 308 på landsbasis. Figuren viser utviklinga i bokbestanden årleg i prosent av bokbestanden i 2007. Som ein kan sjå ut i frå figuren har bokbestanden både i Møre og Romsdal og på landsbasis gått ned, men utviklinga dei siste åra har vore noko betre i Møre og Romsdal enn på landsbasis.
Talgrunnlaget er henta frå KOSTRA.

Statistikk for medie- og lønnsutgifter, målt mot landsgjennomsnitt (2012-2016)


Figur 8



Figur 8 viser medie- og lønnsutgifter i folkebiblioteka per innbyggjar. Tala har vore stabile i heile perioden frå 2012 til 2016, og som ein kan sjå ut frå figuren har medie- og lønnsutgiftene vore lågare her i fylket enn på landsbasis. Skilnaden var i 2016 på 27 kroner per innbyggjar, noko som er ein skilnad på 11,7 prosent. I 2016 ville 27 kroner per innbyggjar tilsvara om lag 7,2 millionar kroner.
Talgrunnlaget er henta frå KOSTRA.

Statistikk for årsverk, målt mot landsgjennomsnitt (2008-2016)

Figur 9



Figur 9 viser kor mange innbyggjarar kvart årsverk hos folkebiblioteka skal sørve, og korleis utviklinga har vore i perioden frå 2008 til 2016. På landsbasis er det om lag 3 000 innbyggjarar per årsverk, medan det er om lag 3 500 innbyggjarar per årsverk i Møre og Romsdal. Frå 2008 har talet på innbyggjarar per årsverk auka både her i fylket og på landsbasis. I Møre og Romsdal har auka vore på 24,7 prosent, medan den på landsbasis har vore 11,2 prosent.

Talgrunnlaget er henta frå KOSTRA.

Vedlegg 2: SWOT-analyse, Folkebiblioteka i Møre og Romsdal

Dette vedlegget tek for seg moglegheiter og utfordringar i folkebiblioteka i Møre og Romsdal. Analysen baserer seg på innspel frå folkebiblioteka på biblioteksjefsmøte i 2016. SWOT-analysen (strength, weakness, opportunity, threat) presenterer styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i folkebiblioteka. Dei ulike kulepunktene i matrisa er forklart meir utfyllande under tabellen. Nokre faktorar kan plasserast innanfor fleire kategoriar. Til dømes finst det kommersielle aktørar som kan sjåast på som ein trussel sidan dei konkurrerer på same marknad, eller som ein moglegheit fordi dei kan vere ein potensiell samarbeidspartner.

Styrker	Svakheiter
<ul style="list-style-type: none">• Lågterskeltilbod• Etablerte samarbeid• Fellesløysingar• Sosiale media• Serviceinnstilt	<ul style="list-style-type: none">• Lokala• Lite medvitne om utviklingsmoglegheiter• Lite synleggjering• Manglande kompetanse
Moglegheiter	Truslar
<ul style="list-style-type: none">• Delingskultur• Gjenbruk• Fylkesbiblioteket• Meiropne bibliotek• Hospitering• Samarbeidspartnerar	<ul style="list-style-type: none">• Underfinansierte bibliotek• Svak politisk bevissthet om biblioteket sitt potensial• Personvern• Kommersielle aktørar

Styrker og moglegheiter:

- Lokalsamfunn treng ein lågterskel møteplass der folk kan oppleve og ta del i ulike arrangement utan kommersielt press.
- Biblioteka knyt til seg samarbeidspartnerar, både fagsamarbeid mellom biblioteka, men også eksterne.
- Fylkesbiblioteket arbeider for fellesløysingar og er pådrivar for nye tiltak. Døme på fellesløysingar er eBokBib, Biblioteksøk og Norsk bibliotektransport.
- Biblioteka nyttar i ulik grad sosiale media i markadsføring av tilbod. Facebook er mest brukt. Instagram og Snapchat vert også nytta.

- God service krev gode relasjonar til publikum, basert på engasjement, kunnskap og erfaring.
- Biblioteka samarbeider regionalt og nasjonalt om utlån for å gi sine brukarar best mogleg tilgang til dei samla ressursane. Andre døme er samarbeid om arrangement, turnear og vandreutstillingar.
- Fylkesbiblioteket er eit ressurs- og kompetansesenter for biblioteka. Oppgåvene er mellom anna: fellesenester, bibliotekutvikling og rådgiving, pådrivar til nettverksgrupper, initiere samarbeid og organisere og arrangere konferansar og kurs.
- Meiropne bibliotek er tilgjengelege for publikum utanom ordinær opningstid. Bibliotek som er sjølvbetente frigjer ressursar til å jobbe med andre oppgåver.
- Hospitering i biblioteka er lærerikt og verdifullt og aukar moglegheitene for nye samarbeid og tilbod.
- Tverrfagleg samarbeid om utviklingsprosjekt vil bidra til eit økonomisk handlingsrom for strategisk utvikling. Biblioteka må gjere seg til ein attraktiv samarbeidspartner for FOU-miljø, lag og organisasjoner.

Svakheiter og truslar:

- Biblioteklokala bør vere ein innbydande stad å opphalde seg for brukarar i forskjellige livsfasar. Det er viktig at lokala er sentralt plassert i lokalsamfunnet. Det må leggast vekt på universell utforming, både fysisk og digitalt. Gode biblioteknester må sikrast gjennom realisering av nødvendige nybygg og ombyggingar. Brukarvennlege opningstider er viktig for å stimulere til meir besøk.
- Årlig lysast det ut arrangement- og utviklingsmidlar regionalt og nasjonalt, noko biblioteka må gjere seg nytte av.
- Biblioteka må synleggjere sine tenester ut mot politikarar, i administrasjonen og til sine innbyggjarar.
- Bibliotekaren må ha god kompetanse for å kunne utføre samfunnsoppdraget sitt.
- Folkebiblioteka vert systematisk underfinansierte. Det kan henge saman med lite eller fråverande politisk medvit om biblioteket sitt potensial.
- Når ein jobbar med brukarstøtte i biblioteka skal ein følgje rutinar for behandling av sensitiv informasjon.
- Biblioteka konkurrerer med andre kommersielle aktørar om publikum si tid.

Vedlegg 3: Litteratur

Folkebibliotekloven. (1985). *Lov om folkebibliotek*. Henta frå

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1985-12-20-108>

Kulturdepartementet. (2015). *Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018: Statens oppgaver og ansvar for utvikling av folkebibliotekene*. Henta frå

https://bibliotekutvikling.no/content/uploads/2016/09/nasjonal_bibliotekstrategi_2015-2018.pdf

Meld. St. 27 (2015-2016). (2016). *Digital agenda for Norge: IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet*.

Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-27-20152016/id2483795/>

Møre og Romsdal fylkeskommune. (1997). *Berre bok gjer ingen klok: Fylkesdelplan for bibliotekverksemda i Møre og Romsdal 1997-2000*. Ålesund: Møre og Romsdal fylkesbibliotek.

Møre og Romsdal fylkeskommune. (2015). *Regional planstrategi: Møre og Romsdal 2016-2020*.

Henta frå

<https://mrfylke.no/content/download/242110/1920365/version/1/file/H%C3%B8yringsdokument+Regional+Planstrategi+2016-2020.pdf>

Møre og Romsdal fylkeskommune. (2016, 7. juli). Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020. Henta 23. august 2017 frå <http://mrfylke.no/fylkesplan>

Nasjonalbiblioteket. (2015). Tabell 2: Folkebibliotek etter fylke. Henta frå

<https://bibliotekutvikling.no/content/uploads/2016/09/Folkebibliotek-2015-Tabell-2.pdf>

Nasjonalbiblioteket. (2015, 10. juni). Folkebibliotekene mest populære. Henta 23. august 2017 frå

<http://www.nb.no/Presse/For-presse/Pressemeldinger/Folkebibliotekene-mest-populaere>

Nasjonalbiblioteket (2017, 16. juni). Rekordstort besøk i folkebiblioteka i 2016. Henta 23. august 2017 frå <http://www.nb.no/Hva-skjer/Aktuelt/Nyheter/Rekordstort-besoek-i-folkebiblioteka-i-2016>

Nasjonalbiblioteket (udatert). Statistikk for folkebibliotek: Folkebibliotek 2016 Rådata. Henta 23. august 2017 frå

<https://bibliotekutvikling.no/statistikk/statistikk-for-norske-bibliotek/folkebibliotek/>

NOU 2013: 4. (2013). *Kulturutredningen 2014*. Henta frå

https://www.regjeringen.no/contentassets/1e88e03c840742329b9c46e18159b49c/no/pdfs/nou2013_320130004000dddpdfs.pdf

Vedlegg 4: Organisering av planarbeidet

Arbeidet med Fagplan bibliotek er organisert som eit prosjekt. Fylkesbiblioteket er prosjektansvarlege, og i tillegg har dei knytt til seg ei arbeidsgruppe og ei ressursgruppe med representantar frå fagmiljøet i Møre og Romsdal.

- Arbeidsgruppa (sjå under) har hatt 3 møter i løpet av våren 2017
- Ressursgruppa (sjå under) har fått tilsendt utkast av planen 23. mai med frist for tilbakemelding 6. juni og hatt møte 7. juni 2017.

Arbeidsgruppa:

Annette Elin Koch, fylkesbiblioteksjef

Bjørn Vatne, fylkesbiblioteket (frå 7.6.17)

Cecilie Røe, fylkesbiblioteket (frå 7.8.17)

Eileen Gjerde, kultursjef i Herøy kommune

Elisabeth Soleim, biblioteksjef i Kristiansund bibliotek og Gjemnes folkebibliotek

Heidi S. Drageseth, rådgivar fylkesbiblioteket
Inger Lise Aarseth, prosjektleiar fylkesbiblioteket
Ingunn Sjåholm, ass. fylkesplansjef Møre og Romsdal fylkeskommunen
Madelen Ramsøy, rådgivar fylkesbiblioteket
One Marthe J. Vik, rådgivar fylkesbiblioteket
Tove A. Hjellnes, biblioteksjef i Volda folkebibliotek

Ressursgruppa:

Ann-Mari Harkjerr, bibliotekar Ulstein vidaregåande skole
Berit Hjertø, biblioteksjef Ålesund kommune
Claus Christian Hansen, biblioteksjef i Sunndal folkebibliotek og Nesset folkebibliotek
Geir Håvard Ellingseter, dagleg leiар IKA Møre og Romsdal
Heidi Holen, bibliotekar Volda vidaregåande skole
Hilde Alvestad, biblioteksjef Sykkylven bibliotek
Ivar Vereide, skolesjef Molde kommune
Kristin Glæstad Vonheim, rådgivar, utdanningsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune
Marit Larsen, rådmann i Giske kommune
Vigdis Ødegård, biblioteksjef Vestnes folkebibliotek



Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon 71 28 00 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no

